

## Kjeldesortering i koronaens tid

RENOVEST IKS oppmodar innbyggjarane til framleis å kjeldesortere alt avfallet sitt. Det er fleire grunner til at dette er viktigare no enn nokon gong før.

Vi registrerer å hente inn langt meir hushaldsavfall no enn til vanleg, og det er då viktig å vere trygge på at dei forskjellige avfallsstraumane berre inneheld det dei er meint å innehalde. Det er svært utfordrande å halde dei ulike avfallsstraumane i drift, og vi kan møte store utfordringar på kort varsel. Stoppar desse avfallsstraumane opp, vil det bli vanskeleg å handtere alt innsamla avfall lokalt hos oss.

Framleis drift av avfallsstraumane ut av vårt område til attvinning er avhengig av at transportledd og mottakarar er trygge på at dei berre mottek reine fraksjonar i denne tida. Det tyder difor at vi må vere ekstra nøye med kjeldesortering av papir og kartong, glas- og metallemballasje, plast og matavfall.

Papirlommetørkle, tørkepapir og serviettar skal enten i restavfall eller matavfall, aldri i returordninga for papir og kartong. Plastemballasjen skal vere heilt tom, rein og tørr. Smittevernustyr som eingongshanskar og skotrekk frå heimesjukepleie o.l. skal kastes i restavfall, aldri i innsamlingsordninga for plastemballasje.

Hjelp oss å halde smitterisikoen på et minimum ved å reingjere eigne behaldarar ofte.

Forsking viser at Korona-viruset kan leve i opptil eit døgn på papp og papir, tri dagar på plast og metall.

I vår handtering er dette kunnskap vi tar med oss i risikohandteringa av avfallet.

Vi gjer det vi kan for å hindre smittespreiing mellom våre renovatørar og kundar, og vidare i avfallsstraumen. Vi oppmodar difor alle dykk til å gjere det same.

**VI MÅ TA VARE PÅ KVARANDRE !**